

# SYMRA

NYTT FRÅ IVAR AASEN-TUNET 17. ÅRGANGEN

1/2015

Retten til å bruke sitt eige språk har aldri vore ein del av debatten om ytringsfridom i Noreg.

Gaute Øvereng



Ivar Aasen-tunet



Gunnhild Øyehaug (foto: Aasen-tunet, Gaute Øvereng)

## Festspeldiktaren 2015

Gunnhild Øyehaug er festspeldiktare under Dei nynorske festspela 2015. Øyehaug skriv stilsikkert og leikent med eit klart blikk for detaljar. Publikum kan sjå fram til å bli betre kjend med både festspeldiktaren og den varierte forfattarskapen hennar under Festspela 25.–28. juni. Øyehaug vaks opp i Ørsta og bur no i Bergen. Ho fekk sitt store gjennombrøt med romanen *Vente, blinke* i 2008, som kinoaktuelle «Kvinner i for store herreskjorter» er basert på.

Festspeldiktaren sjølv er både glad og stolt: – Ivar Aasen har alltid vore min store helt, så eg kjenner meg ei blanding av sterkt entusiastisk og smått skjelven for dette oppdraget. Og eg gler meg til å oppleve festbruset i Aasen-tunet dei fire festspeldagane!

### Slåttekar i himmelen

Edvard Hoem er attende i Aasen-tunet søndag 1. mars, denne gongen med *Slåttekar i himmelen*. Romanen er inspirert av livet til forfattarens oldefar. Det er ei forteljing om det nye og det gamle landet, om arbeid, byrgskap og kjærleik, om å vera villig til å satse og gjere store offer.



Foto: Linda Engelberth

### Frå Asker til Eden

Ein kulturpolitisk maktfaktor som endra Noreg for alltid, skriv Alfred Fidjestøl om nettverket Askerkretsen i boka *Frå Asker til Eden*. Tysdag 3. mars er forfattere i Aasen-tunet og held foredrag om nettverket og miljøet kring ektepara Hulda og Arne Garborg og Marta og Rasmus Steinsvik.

### Draumar

I familieframsyninga *Draumar* får borna vere med på ei interaktiv reise for å finne draumefangaren. Undervegs møter dei den trommande guten, den syngjande dama og den dansande jenta, som fortel kor draumefangaren er når borna vil vere med å tromme, syngje og danse.



Pressefoto

# IVAR AASEN-TUNET JANUAR – APRIL 20

## KAFÉVISER MED NORDSTOGA



Mjuk, vakker og iøyrefallande visepop med element av jazz og bossanova står på programmet når Ingvild Lilletvedt Nordstoga held konsert i Ivar Aasen-tunet torsdag 5. februar. Nordstoga gav ut sitt første album «Den minste cafeen» i fjor, ei samling sjølvkomponerte songar med små historier frå kvardagar og kafébesøk.

Helge Lilletvedt akkompagnerer på piano, og sjølv spelar ho gitar og syng. Dette blir eit triveleg møte med ei ny stemme frå Vinje.

**TORS DAG 5. FEBRUAR 20.00**

### Ingvild Lilletvedt Nordstoga

Ingvild Lilletvedt Nordstoga, vokal og gitar, og Helge Lilletvedt, piano  
Kr 250 / student kr 150

**SØNDAG 8. FEBRUAR 15.00**

### Draumar

Ei interaktiv framsyning der publikum blir invitert med på song, dans og tromming

Songar og skodespelar Karina Opdal, Audun Humberstet, perkusjon, og Roy Ole Førland, tangentar

Visuelle bilete av John Cunningham

Høver for born 5–10 år

Kr 100 / familie 250



**SØNDAG 1. MARS 18.00**

### Edvard Hoem:

#### Sláttekar i himmelen

Forfattaren les og fortel frå romanen

Kr 100 / student 50

Søndagsmiddag til sals i kafeen

kl. 15.00–17.00



**TYSDAG 3. MARS 20.00**

### Frå Asker til Eden. Om dei som endra Noreg

Foredrag ved forfattar Alfred Fidjestøl

Kr 100 / student 50



Forfattaren og folkeminnesamlaren Jørgen Moe var ein av dei første Ivar Aasen fekk besøk av då han kom til Kristiania i 1847. I åra som kom hadde Aasen mykje kontakt med både Asbjørnsen og Moe, og 31. januar 1877 fekk Aasen ei personleg helsing frå Moe som då var biskop i Kristiansand. Dette visittkortet dukka nettopp opp i ei gjestebok frå 1946 i Aasen-tunet med helsinga:

*Til hr Ivar Aasen. Med tak for gammel Venlighed og for den glæde, «Symra» har bragt mig. Jørgen Moe*

## VERDAS ELDSTE SPRÅKMUSEUM

– Ivar Aasen-tunet er det eldste språkmuseet i verda. Det blei opna i 1898 som eit museum over Ivar Aasens liv og verk, og blei i 2000 omforma til det moderne Ivar Aasen-tunet, fortel direktør Ottar Grepstad. Han har kartlagt språkmuseum verda rundt og funne 58, men ingen eldre enn Aasen-tunet. Dei neste musea på lista er Gutenberg-museet i Mainz og eit museum for ordbokforfattaren Samuel Johnson i London. Dokumentasjonen finn du i e-boka *A world of languages and written culture*, som no er utgitt på aasantunet.no.



**SØNDAG 8. MARS 15.00****Kor attraktivt er fylket vårt for kvinner?**

Fylkesvaraordfører Gunn Berit Gjerde, Marte Fanneløb Giskeødegård, Møreforskning mfl.

Samtale med utgangspunkt i rapporten "Kjønnsperspektiv på rekruttering av innbyggjarar"

I samarbeid med Møreforskning  
Gratis



Foto: Mør og Romsdal fylkeskommune

Foto: Møreforskning

**ONSDAG 11. MARS 20.00**

Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2013

Ottar Grepstad presenterer dokumentasjon  
Gratis



Foto: Lars O. Bjeldal

**LAURDAG 21. MARS 18.00****Tett på. Ein intim kabaret**

Ei framsyning frå Sogn og Fjordane Teater med Linda Øvrebo og Kyrre Eikås Ottersen

Tett på er spekka med songar, bittersøt humor, blodig alvor og publikumsflørt i ei fri fabulering som dei fleste kan kjenne seg att i

Songar av blant andre Marianne Faithfull, Marlene Dietrich, Marilyn Monroe, Edith Piaf og Maria Callas

Kr 230 / student, honnør, gruppe (min. 5 pers.) 180

**MÅNDAG 30. MARS 13.00****TYSDAG 31. MARS 13.00****ONSDAG 1. APRIL 13.00****Påskejakt med Lurivar**

Med skodespelar Maria Halseth

Kr 50 / familie 150

Høver for barn frå 5 år og oppover

**ONSDAG 8. APRIL****Programslepp****Dei nynorske festspela 2015**

Festspela er 25.–28. juni 2015 med temaet Tillit

Tid og stad for programslepp blir kunnigjort seinare

Gratis



Dei nynorske festspela

**TYSDAG 21. OG ONSDAG 22. APRIL****Nynorske scener**

Konferanse for festivalar og kulturarrangørar om formidling og bruk av nynorsk

Informasjon kjem på aasentunet.no  
Med støtte frå Språkåret 2013

Påmelding

**OPNINGSTIDER OG PRISAR**

Måndag - fredag kl. 10-16

Søndag kl. 12-17

Laurdag stengt

Vaksen	75,-
Barn (0 - 5 år)	Fri
Barn (6 - 16 år)	35,-
Student	35,-
Honnør	50,-
Familie (barn og inntil 2 vaksne)	150,-
Gruppe (min. 15 pers., pr. pers)	50,-
Skuleelev (klassebesøk)	20,-
Barnehagebarn	Fri

Prisen inkluderer film, omvising og vitjing i utstillingane i Ivar Aasen-tunet

Vi opnar gjerne Ivar Aasen-tunet for grupper (min. 15 pers.) utanom opningstidene. Då kjem det eit tillegg i prisen på 20,- pr. person

**LURIVAR PÅ FLEIRE ARENAER**

Også denne påska kan borna vere med på påskejakt saman med tunkatten Lurivar i Ivar Aasen-tunet. Måndag, tysdag og onsdag i påskeveka vil Lurivar vere i tunet for å løyse årets påskemysterium saman med borna.

Under hemsan til Lurivar i tunet finn du også verdas minste kinosal med berre eitt sete. Der har Lurivar lagt att helsingar frå seg sjølv. Her kan borna få eit møte med tunkatten dei dagane han ikkje er til stades i tunet.

Lurivar har også sin eigen nettstad: [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no).

**OR GJESTEBOKA I IVAR AASEN-TUNET**

Søndag og museumsvør. Takk for titten! Og praten. Og handelen.

Anne Marit Riste, Langevåg,  
28.9.14

Very informative visit to your museum. Tusen takk!

Robert & Sue Carlson,  
Jamestown, North Dakota, USA,  
14.10.14

**PROGRAM OG BILLETAR**

Oppdatert informasjon:  
**[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)**

**Billett til arrangement**  
ebillett.no  
70 04 75 84

Med atterhald om endringar

NYNORSK KULTURSENTRUM  
6160 HOVDEBYGDA  
TLF. 70 04 75 70

WWW.AASENTUNET.NO

**B**  
NOREG



P. P.

DISTRIBUERT AV POSTEN  
NOREG

UTGIVAR: NYNORSK KULTURSENTRUM REDAKTØR: GAUTE ØVERENG

## Lyddemping i kafeen



Der mange er samla og praten går laust, blir det mykje lyd. I Ivar Aasen-tunet har vi no installert nye lyddempande plater på veggane i kafeen, og effekten er påatakeleg. Det er lettare å høyre og kjekkare å

prate, og går ein tom for samtaleemne, er veggplatene fine å sjå på også!

## Vinje-senter

Tarjei Vesaas, A.O. Vinje, Halldis Moren Vesaas, Aslaug Vaa, Stein Versto. Fem forfattarar knytt til Vinje, alle på V, og på andre bokstavar er der fleire. No er Vinje-senteret for diktning og journalistikk ute på vegen frå idé til realisering. Vinje kommune tok initiativet, Nynorsk kultursentrum fekk oppgåva, og om eit år ligg ein samla prosjektplan føre. Den som vil følgje med på arbeidet, kan seie frå til [admin@aaesentunet.no](mailto:admin@aaesentunet.no), så kjem eit meldingsblad i e-posten når du minst ventar det.

## Møterom med festspeldiktargalleri

No kan du halde møte, kurs eller seminar i selskap med ei heil rad med festspeldiktarar i Galleriet i Aasen-tunet. Denne bygningen var museum frå 1946 til 2000, og blir i dag brukt til både utstillingar og møterom for grupper på 10-20 personar. I vinter blir dette rommet utsmykka med plansjar av tidlegare festspeldiktarar. Informasjon om utstyr, servering og prisar finn du på nettstaden [aaesentunet.no](http://aaesentunet.no).

## Kven er Årets nynorskbrukar 2015?

Har du gode kandidatlar til prisen Årets nynorskbrukar 2015? Send forslag og ei kort grunngiving til oss innan 10. februar. Meir informasjon og skjema for innsending finn du på [aaesentunet.no](http://aaesentunet.no). Du kan også sende forslag på e-post: [admin@aaesentunet.no](mailto:admin@aaesentunet.no).



## Stort utval i nynorske varer på [handlenett.no](http://handlenett.no)



### Kjenn ditt hjarta falle

Våre vakraste dikt  
Kr 199



### Magnetpoesi Hauge og Aasen

Kr 149



### Korthaldar med Aasen-ordtak

Kr 99



**Barnekle i bambus**  
med nynorske tekstar  
Frå Lilleba og Herremann